

# Vedtekter for Fitjar Festivalforeining

## §1 Namn og organisasjonsform

Fitjar Festivalforeining vert etablert som ein foreining i Fitjar kommune, med eige organisasjonsnummer i einingsregisteret i Brønnøysund

## §2 Føremål

Føremålet med Fitjar Festivalforeining er å skipa til festivalar og andre tilskipingar i Fitjarbygda. Tilskipingane skal ha som mål å:

- Få fram positive sider ved Fitjar
- Skapa engasjement og styrka identiteten til Fitjarbygda
- Arbeida for levande lokalmiljø i heile kommunen
- Styrka dei frivillige laga og organisasjonane i Fitjar
- Skapa trivsel for dei som bur og er på besøk i Fitjar

## §3 Medlemskap

Foreining kan ta opp som medlemar, personar, frivillige lag og organisasjonar, næringsverksemdar og offentlege institusjonar som vil arbeida for foreininga sitt føremål.

## §4 Økonomi

Rekneskapsåret er frå 1. oktober – 30. september.

Styret skal arbeida etter budsjett som er fastsett av årsmøtet. Foreininga skal byggja opp kapitalfond for å arrangera seinare festivalar. Fondet skal vera på ein sum av min. kr. 200.000,- som skal justerast opp med SSB sin konsumprisindeks kvart år.

Alle arrangement og prosjekt, som er å sjå på som ein del av festivalen, skal festivalforeininga ha økonomisk ansvar for. Dersom nokon av medlemane vil ha eigne arrangement, skal dette avtalast med styret på førehand. Frivillige lag og organisasjonar som er medlemar av foreininga, skal ha førsterett til å gjera dugnadsarbeid under festivalen. Dette arbeidet skal betalast etter kor mange timar som er lagt ned. Styret skal fordela dugnadsarbeidet så rettferdig som råd er, ut frå kva dei einskilde lag har meldt inn ynskje om. Årsmøte kan fastsetja nærare retningslinjer for deling av- og økonomisk oppgjer for dugnadsarbeidet.

Styret kan leiga inn prosjektmedarbeidarar som kan hjelpa til med å planleggja, organisera og gjennomføra festivalar.

Rekneskapet skal førast av sakkunnig/autorisert rekneskapsførar, og reviderast av to revisorar.

Foreininga kan ikkje ta opp lån.

## §5 Styret

Styret er foreininga sitt øvste organ mellom to årsmøte, og skal følgja opp vedtak og retningslinjer som er fastsett av årsmøtet. Styret er samansett av styreleiar og fire

styremedlemer som er valde av årsmøte. I tillegg skal det vera to valde vararepresentantar.

For at styret skal vera vedtaksført, må styreleiar eller nestleiar og minst to andre styre/ varamedlemmer vera tilstades. Styreleiar har dobbeltstemme dersom det i vedtakssaker er likt tal stemmer for og imot ei sak.

Styret konstituerer seg sjølv og fordeler oppgåvene seg imellom med unntak av styreleiar som vert valt særskilt av årsmøtet.

Styret har ansvar for å leia foreininga i samsvar med norsk lov, vedtektene og andre vedtak som årsmøtet fattar.

Styreleiar og eitt styremedlem i fellesskap har signaturrett og kan teikna foreininga.

## **§6 Årsmøte**

Årsmøte er det høgaste organet i Fitjar Festivalforeining, og skal haldast kvart år innan desember månad.

Årsmøtet skal:

- a) Velja møteleiar og referent
- b) Godkjenna styret si årsmelding
- c) Godkjenna rekneskap
- d) Godkjenna budsjett for neste år
- e) Behandla innkomne framlegg som er kome styret i hende, seinast 2 veker før årsmøte
- f) Velja leiar for 1 år og 2 styremedlemer for 2 år, samt 2 varamedlemmer
- g) Velje revisor
- h) Velja valkomité med 3 medlemer
- i) Ved val på styreleiar er det krav om minst halvparten av stemmene for å verta vald. Har ingen av kandidatane fått stort nok fleirtal, vert det halde omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Ved andre val er den vald som har fått flest stemmer.
- j) Ei avstemming skal vera skriftleg dersom ein eller fleire av deltakarane i årsmøte krev det, og alltid dersom det er fleire kandidatar til val på tillitsverv, enn det som skal veljast.
- k) Stemmegjeving kan gjerast med fullmakt

## **§7 Vedtektsendringar**

Framlegg til endringar i vedtektene skal sendast ut til medlemane seinast 14 dagar før årsmøte. Endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal på eit årsmøte for å vera gyldige. Endringane trer i kraft frå det tidspunkt som årsmøtet fastset.

## **§8 Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret bestemmer det, eller når minst 25% av medlemene kjem med skriftleg krav om det. Innkalling med sakliste skal kunngjerast offentleg og i brevs form til medlemane seinast 14 dagar før møtet skal haldast. Ekstraordinært årsmøte kan berre behandla og gjera vedtak i dei sakene som er nemnde i innkallinga.

## **§9 Oppløysing**

Vedtak om oppløysing av Fitjar Festivalforeining krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal på to påfølgjande ordinære årsmøte. Dersom det vert gjort vedtak om oppløysing, skal eventuelle midlar som måtte vera til overs disponerast av årsmøtet i samsvar med føremålsparagrafen, og i samråd med Fitjar kommune.



Kontonavn	FitjarFestivalen 2015		FitjarFestivalen 2016	
	Rekneskap FF	Avanse	Rekneskap FF	Avanse
Salgsinntekter, mat, avg. pliktig 15%	-185 789	61 %	-160 285	67 %
Salgsinntekter, drikke, avg. pliktig 25%	-47 809	102 %	-64 000	59 %
Sal av diverse varer	-		-	
Salgsinntekter, billetter	-263 501	20 %	-295 200	-6 %
Sponsorstøtte	-		-	
Leieinntekt, bodgate	-30 000		-29 000	
Annen driftsrelatert inntekt	-152 500		-114 000	
Annen driftsrelatert inntekt	-4 420		-80 000	
<b>Inntekt</b>	<b>-684 019</b>		<b>-742 485</b>	
Innkjøp av varer for videresalg, mat	115 430		96 058	
Innkjøp av varer, avg.pl. 25%	23 653		40 243	
Varekjøp, avgiftsfritt	5 961		553	
Leige av tenester	4 712		9 851	
<b>Varekjøp</b>	<b>149 756</b>		<b>146 705</b>	
Artistar, honorar og reise	180 730		236 950	
<b>Personal</b>	<b>180 730</b>		<b>236 950</b>	
Leige av scene, lyd og lys	29 200		78 625	
Leie lokaler	-		-	
Lys, varme vedr. lokaler	7 627		3 816	
Leie av div. utstyr	51 203		64 098	
Leie datasystemer	-		-	
Inventar og utstyr	17 291		14 865	
Honorar regnskap	-		-	
Annen fremmed tjeneste	5 000		-	
Data/EDB Kostnad	488		2 089	
Trykksaker	7 214		9 655	
Møte, kurs, oppdatering og lignende	-		-	
Annen kontorkostnad	637		1 535	
Porto	-		-	
<b>Driftsrelatert</b>	<b>118 659</b>		<b>174 683</b>	
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	-		-	
Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	-		-	
Salgskostnad	-		-	
Reklamekostnad	47 071		48 037	
Annen salgskostnad	-		-	
Gaver/premier, fradragsberettiget	550		-	
Øredifferanser	-0		-	
Annen kostnad, fradragsberettiget	2 398		31 893	
<b>Andre driftsrelaterte</b>	<b>50 018</b>		<b>79 930</b>	
Annen renteinntekt	-193		-103	
Annen rentekostnad	-		-	
<b>Finans</b>	<b>-193</b>		<b>-103</b>	
<b>Årsresultat</b>	<b>-185 048</b>		<b>-104 320</b>	



**Balanse**

Konto	Tekst	Inngående balanse	Reelt i periode	Utgående balanse
<b>Eiendeler</b>				
<b>Omløpsmidler</b>				
<b>Fordringer</b>				
1500	Kundefordringer	70 405,00	18 725,00	89 130,00
1530	Opptjente, ikke fakturerte driftsinntekter	15 000,00	0,00	15 000,00
<b>SUM Fordringer</b>		85 405,00	18 725,00	104 130,00
<b>Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>				
1920	Bankinnskudd, Sparebanken Vest	345 139,70	-276,20	344 863,50
1940	Bankinnskudd DNB	0,00	7 095,75	7 095,75
<b>SUM Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>		345 139,70	6 819,55	351 959,25
<b>SUM Omløpsmidler</b>		430 544,70	25 544,55	456 089,25
<b>SUM Eiendeler</b>		430 544,70	25 544,55	456 089,25
<b>Egenkapital og gjeld</b>				
<b>Egenkapital</b>				
<b>Over-/underskudd</b>				
8800	Udisponert årsresultat (overskudd)	0,00	-104 320,06	-104 320,06
<b>SUM Over-/underskudd</b>		0,00	-104 320,06	-104 320,06
<b>Opptjent egenkapital</b>				
2050	Annen egenkapital	-237 591,55	0,00	-237 591,55
2056	Innskoten dugnadskapital	0,00	-12 449,34	-12 449,34
<b>SUM Opptjent egenkapital</b>		-237 591,55	-12 449,34	-250 040,89
<b>SUM Egenkapital</b>		-237 591,55	-116 769,40	-354 360,95
<b>Gjeld</b>				
<b>Avsetning for forpliktelser</b>				
2180	Andre avsetninger for forpliktelser	-100 000,34	100 000,34	0,00
<b>SUM Avsetning for forpliktelser</b>		-100 000,34	100 000,34	0,00
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
2400	Leverandørgjeld	-30 155,59	-6 623,81	-36 779,40
2700	Utgående merverdiavgift, høy sats	-210 090,70	210 090,70	0,00
2701	Utgående merverdiavgift, middels sats	-68 485,38	68 485,38	0,00
2710	Inngående merverdiavgift, høy sats	128 549,47	-128 549,47	0,00
2711	Inngående merverdiavgift, middels sats	35 588,86	-35 588,86	0,00
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	81 640,53	-116 589,43	-34 948,90
2960	Påløpt kostnad og forskuddsbetalt inntekt	-30 000,00	0,00	-30 000,00
<b>SUM Kortsiktig gjeld</b>		-92 952,81	-8 775,49	-101 728,30
<b>SUM Gjeld</b>		-192 953,15	91 224,85	-101 728,30
<b>SUM Egenkapital og gjeld</b>		-430 544,70	-25 544,55	-456 089,25

